

Kristian Andersen Lønset – ein kunstnar med stein


Av Magne Kjerstad

Artikkelen er skriven av Magne Kjerstad og handlar om ein romsdaling som sette opp husmurar i ein periode på 35 år. Han har sett varige spor etter seg på øyane og på Hildrestranda.




^ Jordmorgarden.


Far var frå Guttormgarden, og mor var frå Jordmorgarden på Kjerstad. I gutedagane mine høyrdé eg dei vaksne snakke om ein Lønset som hadde sett opp husmurane på dei to gardane. Eg har så lenge eg kan hugse vore imponert over murane til Jordmorgarden. Lønsetmurar, vart dei kalla. Steinblokkene fell nøyaktig saman, utan bruk av småstein til



^ Hellevik-garden.



^ Desse mørtefugene er på dei fleste lønsetmurane etter 1900.



^ Kristian Andersen Lønset og kona Ane Truleg er biletet teke ikkje så lenge før han døydde.

å fylle holrom. Dei smale fugene er tetta med kalkmørtel som er forma med eit spesielt avrunda jarn. Mørtefugene har halde seg mest uendra i meir enn 100 år.

Interessa mi for muraren som arbeidde her kring førrre århundreskifte har berre auka med åra. Eg har undra meg på kven denne mannen var, kva han gjorde og korleis han arbeidde. Lite og inkje har vore skrive. Dei som hugsa han er borte for lenge sidan. Men eg har kome i kontakt med fleire som seier at dei har hørt om han og kan syna fram arbeid han har gjort.

Kristian Andersen Lønset var fødd 27. oktober 1859 på småbruket Teigen på Lønset i Bolsøy kommune ei mil innanfor Molde sentrum. Han vart gift med Ane Jespersdatter Holsbø, fødd 28. mai 1860 i Eresfjord. Dei busette seg på heimegarden til Kristian og fekk fem born som vaks opp: Ingeborg, Andreas, Berit Marie, Anna og Jenny. I folketeljingane er Kristian titulert som gardbrukar og murmeister, medan Ane er gardbrukarkone. I folketeljinga for 1869 står det at Teigen fødde 2 kyr og 10 sau. Der var også nokre små åkerlappar med korn og poteter. Det var naudsynt for Kristian å ta seg arbeid utanfor garden for å kunne fø familien. Truleg har Kristian vore borte på murarbeid mesteparten av tida, og Ane hadde ansvaret for garden og borna.

Om eg skal bruke opplysningane eg har til ei kronologisk oversikt om livsverket til Lønset, startar det på Haram i 1880. Andreas Haram i Framgarden fortalte at Lønset sette opp løemurar der i 1880. Stovehuset var kome opp før. Skilnaden på murane i stova og løa syner at 21 år gamle Lønset kom med ein ny måte å bygge murar på. I 1886 var Lønset i Eirikgarden på Rønstad og sette opp stovemurar der. Peter Hove skreiv i kyrkje- og skulesoga for Haram at det vart sett opp ny fjøsbygning på prestegarden på Kjerstad i 1898. Ingebrigts Kjerstad var byggmeister og Kristian Lønset sette



↖ Eirikgarden på Rønstad vart bygd i 1886. Det var kan hende den første muren Lønset sette opp på Lepsøya.



↖ Endeveggen på den nye Eirikfjøsen som far og son Lønset bygde i 1910.

opp murane. Dette var kanskje det største byggverket han var med på. Etterpå var han i Guttormsgarden og sette opp murar til stove og løe der. I folketeljinga for 1910 kan ein lese at Kristian Lønset var i Eirikgarden på Rønstad igjen. Då var han i lag med sonen, Andreas, og utvida løa med nye fjøsmurar. Jorunn Bakke i Geiletunet på Farstad fortalte meg at Lønset var der og sette opp løemurar i 1912. Han støypte også eit fjøsgolv som folk på garden har vore stolte av i ettertida. Etter han var ferdig på Geilane, sette han opp murane i Jordmorgarden på Kjerstad. Huset stod ferdig i 1914.

Hausten 1915 heldt Lønset på med å sprengje ut Stein til husmurar på Haram – denne gongen til eit hus på austsida av Haramsøya. Om ettermiddagen 29. oktober var han uheldig med eit mineskot og fekk ei steinflis i panna. Skaden var så stor at han døyde nokre timer seinare – 30. oktober 1915. Huset vart bygd ferdig og står der enno.

Bygningane som er nemnde ovanfor er berre eit utval av livsverket til Kristian Lønset. På Lepsøya har han også bygd murar i Olegarden og Mattinesgarden på Farstad og mykje truleg i Hellevikargarden på Lausund. Der var husa bygde i tidsrommet 1904–1907. Hans B. Haram har gitt meg foto av løemurane på garden hans, Nystovgarden på Haram. Dei måtte vike plass for nye bygningar på garden. Hans synte meg også lønsetmurane i Sessligarden på Haram. På Haramsøya og Flemsøy/Skuløy kan der godt vere fleire murar som Lønset har hatt ansvaret for, men som eg har ikkje fått det stadfesta. Kristian arbeidde også i lag med sonen på Hildrestranda. I eit hefte om utvandrarar frå Kvithauggarden på Hildre har Dag Alvestad skrive at dei sette opp løemurar til Jonas Hildre i Gunnargarden rundt 1910. Det var då Andreas vart kjend med jenta i nabogarden, Josefine i Kvithaughuset. Eg har sett fleire murar på Hildrestranda som liknar lønsetmurane på Lepsøya, men eg har ikkje kome i kontakt med folk som kan seie kven som bygde dei.

Dei åra Lønset var her i distriktet, var her mykje arbeid for folk som kunne bygge murar. På slutten av 1800-talet var det utskifting i fleire bygder. Jordlappar vart samla til samanhangande gardar, og husa i klynetuna vart spreidde. Hus som ikkje var altfor gammel, vart nedtekne og flytta. På mange gardar vart det sett opp nybygg. Nokre brukte opp att steinar frå gamle murar og skjøtte på med stein av ulik storleik og skap. Andre gjekk grundigare til verks og kløyvde ut rettvinkla steinblokker som føygde seg fint saman. Kristian Lønset var ein av dei dyktigaste i dette faget.

Eg fekk ei kort innføring i denne kunnskapen siste gongen eg møtte Martin Ulla på Haramsøya. På spørsmål om han hadde hørt om Lønset på Haramsøya, svara han at han var fødd ikkje langt frå staden der muraren slutta livsverket sitt – 10 år etter det hende. Martin fortalte at han hadde lang erfaring i å kløyve Stein til murar, og han la villeg ut om arbeidsmetodane som vart brukte. Det grunnleggande var erfaring i å kunne lese Stein. Ein måtte kjenne steinslaget og finne gårane som steinen kunne klovne etter. Mindre steinar kan dele seg etter presise slag med slegga. Til større steinar måtte ein til med minebor og feisel. Etter å ha bora eitt eller fleire hol, kunne ein drive ned jarkilar til steinen klovnna. Best likte Martin å bruke svartkrut. Då var det nok med eitt hol på rett plass og ei høveleg stor krutladning. Så var det berre å fylle opp holet med sand, tenne lunta, gå i dekning og vente på smellet. Når ein studerer gamle husmurar, kan ein sjå steinblokker med spor etter fleire borehol i brotflata. Dei har blitt kløyvde med kilar. Steinar med eitt hol kan godt ha vore kløyvde med krut.

Martin fortalte at han hadde ein hjelmdykkar i arbeid for å legge på plass steinane som danna fundamentet i kaia som han bygde. Ein dag dykkaren kom opp for å ta middagspausen, etterlyste han ein stein som passa ned i eit hol i muren. Martin fekk måla på steinen og gjekk laus med minebor og feisel på ein stein som låg like ved. Etter nokre vel-plasserte hol og like mange smell låg steinblokka ferdig – i god tid før dykkaren kom att frå middagspausen.

Eg har tenkt mykje på alt arbeidet som måtte til for å bryte ut steinen og transportere han fram til byggeplassen. Det var store mengder Stein som fekk plass i dei tjukke gråsteinmurane. Dei aller fleste murane var doble og sjeldan smalare enn 60 cm. Det er få stader ein kan finne spor etter steinbrot til husmurar. Ovanfor Eirikgarden på Rønstad er der nokre steinar som tydleg har vorte kløyvde av menneskehand. Mykje av steinen til murane på Kjerstad kjem frå fjellfoten under dei bratte Goaldshamrane. Steinblokker som frosten hadde sprengt ned frå hamrane hadde gårar som gjorde dei lette å kløyve. Om der finst spor etter steinarbeid er dei nok overgrodde for lenge sidan. Vegar og vogner som eigna seg til tungtransport var det dårlig med. Steinen måtte fraktast på sledar. Steinsledane var låge og godt eigna til å velte steinane oppå. Transporten måtte helst gjerast medan det var frost og tele i jorda.

Mykje av arbeidet var gjort når tilfanget til murane låg klart på byggeplassen. Kor stor del av

arbeidet Kristian Lønset gjorde sjølv, har eg ikkje fått greie på. Det må vere opplagt at han har hatt mange medhjelparar. Han kan ikkje ha bygd alle murane åleine. Svartkrut kunne lette på noko av arbeidet, men det meste vart gjort med muskelkrafta til folk og hestar. Diverre har eg ikkje kome over foto som syner folk i arbeid med dei gamle murane.

Heile presteløa på Kjerstad kosta 5375 kroner å bygge i 1898. Det gjekk med mykje materrial, og mange skulle lønnast. Ein kan berre spekulere i kor stor del av byggekostnadane som var lønna til murmeisteren. For arbeidet med løemurane og stovemurane i Guttormsgarden har eg høyrt at han fekk 500 kroner. Det hadde utgjort 33 000 kroner etter pengeverdien i 2017. I tillegg var det vanleg at Lønset hadde fri kost og losji der han arbeidde.

Ikkje alle lønsetmurar er like. Ein kan sjå at han utvikla seg i faget frå dei første bygningane til dei siste. Det kjem tydleg fram når ein studerer murane på Rønstad frå 1886 og 1910. Dei siste åra tok han i bruk eit reiskap som han strauk over mortelfugene mellom steinane med. Murane i Jordmorgarden ber preg av det. Dei er nærast perfekte. Elles varierer kvaliteten etter tilgangen på Stein og kva tid han hadde til rådvelde. Etter utsjånaden kunne løemurane i Guttormsgarden godt ha vore mura av ein annan, men dei har gjort nytta. Landkjellaren har vore i bruk i snart 120 år og er potta tett.

Kristian Lønset sette varige spor etter seg med arbeidet sitt, men korleis denne mannen var, er det få som hugsar. Noko som går att er snakket om at han var uforsiktig når han tende på krutladningar. Det var ikkje så store ladningar som skulle til for å kløyve stein, og det vart sjeldan nokon farleg steinsprut. Han hadde svært god erfaring, og stundom var han trygg nok når han snudde ryggen til og heldt opp eit trop som dekte nakken og hovudet. Ulukka med den siste salva må ha gjort stort inntrykk på mange. Eg har høyrt ulike versjonar om kva som skjedde av folk eg har snakka med. Martin Ulla meinte at Lønset må ha huka seg ned bak ein stein etter å ha tent på lunta til ei litt større ladning. Det drygde truleg lenge før eksplosjonen kom, og Lønset kan ha reist seg opp i trua på at lunta hadde slokna. Salva gjekk av, og ein steinsplint traff meint og slo gjennom pannebeinet. Martin fortalte også at det var Sjur-Ola på Austnes som tok båten sin og gjekk til Molde med den alvorleg skada mannen. Nokre har nemnt at dei tenkte på enkja som fekk dei blodstenka kleda til mannen sin i ein sekk.

I sommar fekk eg kontakt med oldebarnet til Lønset, Heidi Sanden. Eldstedottera til Lønset, Ingeborg, var bestemora hennar. Bestefaren lærde seg murafaget av svigerfaren. Heidi fortalte at to av borna i Lønsetfamilien, Andreas og Berit Marie, utvandra til Canada. Andreas reiste i 1911 og busette seg nær byen Outlook i Saskatchewan. Kjærasten, Josefine Hansdatter Hildre, reiste etter i mars 1915. Dei gifta seg på jarnbanestasjonen i Outlook før dei reiste til Dinsmore, der dei busette seg og starta eit nytt liv som farmrarar. Andreas heldt også fram med murarbeid. Kunnskapane hans i murafaget vart til god nytte gjennom dei harde tredveåra. Folk i Dinsmore kan peike ut mange byggverk som han sette opp.

Berit Marie stifta også familie i Canada, og dei to lønsetsøkna har mange etterkomarar der. Heidi har halde kontakt med slekta i Canada. Sommaren 2016 var fleire av dei og såg seg om på Lønset og på Hildre. Sommaren 2017 var Heidi i Canada. Berit Marie hadde ei dotter som heitte Jenny. For nokre år sidan tok Jenny fram eit brev som ho hadde teke vare på, og ga det vidare til nevøen Larry Hansen. Ho hadde fått det av mora, men ho kjende ikkje til innhaldet. Brevet var sendt frå Ane på Lønset til Berit Marie 3. november 1915 – nokre få dagar etter Kristian Lønset omkom. Heidi Sanden fekk originalbrevet av Larry Hansen. Ho skreiv av brevet og sende ei oversetjing på engelsk til slektingane. Eg har fått lov til å ta med avskrifta i tillegg til denne artikkelen.

I ein telefonsamtale med Heidi Sanden kom eg til å nemne noko folk har snakka om her: Kristian Lønset banna litt meir enn dei fleste. Ein dag han stod oppe på stillaset og la stein på dei høge murane til presteløa, miste han brått balansen og datt ned. Folk som såg det har ikkje nemnt noko om kva han sa før han datt – og ikkje etter han landa relativt uskadd på marka under stillaset. Men dei hugsa at han rakk fleire bannord på vegen ned! Heidi kommenterte dette og sa at mange i slekta er rimeleg kvikke i replikken.

Kristian Lønset hadde mange i lære. Ein av dei var Peder Hjelvik fra Hjelvika/Vågstranda, som vart gift med eldstedottera, Ingeborg. Han var og en dyktig murar, og sonen hans, Kristian Hjelvik (barnebarnet til Kristian Lønset) førté tradisjonen og yrket videre. Han hadde mange oppdrag rundt i fylket, både privat og offentlig. Kristian Hjelvik var også kjend for å være en kunstnar med stein. Fleire gonger fekk han oppdrag av målaren Weideman. Det er også nemnt at han budde i ei kyrkje i området medan han bygde på murane.

Dottera Berit Marie skreiv eit minnedikt om faren. I det fekk ho tydeleg fram at han var ein kjærleg og omsorgsfull familiefar. Alle gledde seg til han skulle kome heim, og han brukte å ha med seg noko godt til borna. Familien var i djup sorg etter dei miste han. I brevet som mora sende til Berit, kan vi lese om den ti år gamle veslesøstra Jenny som gret til ho kasta opp.

Foto frå Lepsøya og Haramsøya:
Magne Kjerstad

Foto frå Canada: Heidi Sanden.
Kjelder er nemnde i artikkelen.



^ Dette er eit brev frå Ane til sonen Andreas i Canada. Han heitte Andrew Lonseth der.

Brevet med dødsbodskapet frå Ane Løset sine barn i Canada:

Lønseth den 3. november 1915

Mine kjære.

Jeg må i denne aftenstund sende dere den tunge underetting at din Fader er vandret ut av denne tid og inn i evigheten og det på en fryktelig måte. Et mineskudd på Haramsøen var hans dødsårsag. En stenflis af minen traf ham i panden, saa han stubte beivistøs fredag den 29. oktober ettermiddag. Det blev øieblikkelig hentet doktor, men han kunde intet gjøre. Et eneste han fikk sagt: Lad mig få ligge i Fred. Saa blev det taget inn over fjorden og kom til Molde sykehus om kvelden, og klokken fire om morgenens døde han.

Jeg fik intet vide før om morgenens, men ingen sagde meg riktig som det var. Jeg var ferdig i en hast for at komme mig til Byen for at se ham med liv. Anna følgte meg. Kun det bad jeg om at faa tale med ham, saa fik jeg til svar at han er Død. Men kjære Marie, du maa tro at den samme sten traf mig. Jeg fik et straff som jeg ikke har Ord til at forklare med. Jeg fortente ikke mere at faa se ham. Det magted jeg ikke. Men jeg måtte spørge om han var lyklig nu.

Vi har bare kledd af ham, vasket ham og lagt ham i et lagen. Saa maatte jeg gaa til snekker Mardal og faa kiste og ligkleder og fik ham til at bringe det paa sygehuset, og saa sente jeg bud at dem maatte sørge for at de måtte legge ham i kisten og der faa kjøre ham hjem. Jeg og Anna var ligfølget ind alles. Vi kom hjem ettermiddag klokken fire, men kjære for en kveld det blev den 30. de oktober. Jenny gret til hun kastet opp, og jeg var moder og enke. Forsørgeren borte, men jeg maatte lige tage det med ro. Vi har en Fader oppi Himlen som sørger baade for enker og Faderløse. Mandagen den 8. november skal vi have begravelsen. Ingeborg kommer hjem søndagen for at se sin Fader for siste gang. Jeg telefonerte om lørdagen dit bort. Peder kom till søndag for at se hvor det var med os. Min haand skjelver og taarer render saa papiret bliver vaatt.

I gaar skrev jeg til Andrias. Jeg er ikke i stand til at skrive mer. Jeg maa slutte. Naar jeg kommer meg vil jeg skrive mer til dig og Andrias igjen.

Vær alle hilset fra deres sørgende moder og søsknene.

Ane Lønseth

Magne Kjerstad- er fødd i 1947 og er oppvachsen i Guttormsgarden på Lepsøya. Han gjekk lærarskulen i Volda. Dei aller fleste åra i læraryrket har han arbeidd i skulen på Lepsøya. I tillegg har han drive farsgarden med sau og storfe. Han slutta i lærarjobben i 2011. Lokalhistorie har alltid vore eitt av dei mange interessefelta hans. Siste året har han skrive mange småhistorier som ikkje har vore på trykk før. Noko har han opplevd sjølv, anna har han hørt av andre. Denne teksten er noko av det han har skrive under vignetten «I manns minne frå Lepsøya» på Facebook.